


Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO



ULVIK HERAD
5730 ULVIK

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2003000743-6/232 /ASK

Direkte innval:
56 52 70 51

Stad/Dato:
30.07.2004

Uttale frå Ulvik herad til høyringsnotat frå Finansdepartementet av 11.05.04 om kommunefordelingsreglane for eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg

Ulvik herad har i brev til Finansdepartementet av 12.11.2003 gjort greie for synet på kommunefordelingsreglane for eigedomsskattegrunnlaget på kraftanlegg. Dette går ut på at fordelinga bør skje i same forhold som fordelinga av naturressursskatten etter Skl. §18.2 for dei einskilde kraftanlegg, jfr. Skl. §18.7.

Meldinga om at Regjeringa fekk i oppdrag å greia ut fordelingsordninga for skatteinntektene frå kraftproduksjon med sikte på å få til ei betre fordeling mellom kommunar der turbinane står og der vassressursane ligg, vart godt motteken av Ulvik herad.

Når Finansdepartementet no etter ny gjennomgang av saka har kome til at gjeldande kommunefordelingsreglar i Eskl. § 8 A bør gjelda uendra, vil Ulvik herad på ny uttrykka usemje.

Som det tidlegare er gjort greie for, tapte Ulvik herad med innføring av Eigedomsskattelova i 2001 om lag 7,5 millionar kr årleg, dvs. 72 % av eigedomsskatteinntektene. Av dette var om lag 4 millionar kr resultat av endringa i kommunefordelingsreglane, ved at Eidfjord kommune gjekk bort frå tidlegare inngått avtale for det kommunekryssande anlegget Lang Sima.

Ulvik herad har ført sak mot Eidfjord kommune om dette, og Hardanger Tingrett har 06.05.2004 avsagt dom som seier at "Eidfjord kommune er pliktig til å akseptere fordeling av eigedomsskatteinntektene frå Eidfjordverka etter fordelingsprinsippa i den tidlegare landsskattelova § 19". Eidfjord kommune har anka dommen, og neste runde vert såleis i Lagmannsretten.

Ulvik er eit eksempel på at det ikkje alltid er enkelt å basera seg på tidlegare avtaler når rammevilkåra endrar seg. I dette og i andre tilfelle har det vore naudsynt å føra dyre og ressurskrevjande rettssaker for å nå fram med det som alle trudde var greie avtaler på den tida dei vart inngått. Dette ville truleg vore unngått ved å nytta Skattelova slik Ulvik herad ønskjer.

Internett adresse:
www.ulvik.kommune.no

E-post:
ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon:
56 52 70 00

Telefax:
56 527001

Ulvik herad har elles følgjande merknader til høyringsdokumentet:

Det er lite eller ingenting i dokumentet som kan seiast å ivareta det som vert oppfatta som intensjonen i Stortinget sitt vedtak, som var å få ei sak om fordelingsordninga "med sikte på å få til en bedre fordeling mellom kommuner der turbinene står og der vannressursene ligger". Departementet held på sitt, og at det ikkje skal bli betre fordeling.


Ulvik herad har liten forståing for at ikkje vassressursen skal inngå som skatteobjekt. Eit industrielt anlegg utan vasstilførsle har null verdi. Det er urimeleg at vertskommunen for kraftverket skal få og behalda heile eigedomsskatten som delvis er basert på ressursar i andre kommunar.

Ulvik herad meiner at eigedomsskatten kan fordelast etter Skl. § 18.7 slik naturressursskatten vert fordelt. Kravet til enkel administrasjon kan ivaretakast vel så godt på denne måten, etter eit innarbeidd system.


Det vert elles vist til uttale frå Hjelmeland kommune datert 30.07.2004. Ulvik herad sluttar seg til denne uttalen, og Ulvik herad sitt standpunkt i saka er:

"Eiendomsskattegrunnlag på kraftproduksjonsanlegg etter Eskl. § 8, jfr. Skl. § 18.5, skal med virkning fra 01-05-05 fordeles mellom berettigede kommuner i samme forhold som fordelingen av naturessursskatt etter Skl. § 18.2 for de enkelte kraftanlegg, jfr. Skl. § 18.7, 7.ledd".

Med helsing



Jon Olav Heggseth
ordførar



Agnar Skjønberg
næringsrådgevar

Internett adresse:
www.ulvik.kommune.no

E-post:
ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon:
56 52 70 00

Telefax:
56 527001